



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Radøy kommune

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2637 - 19/849

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
15.01.2019

Høring - Plansak - Kommuneplan for Radøy - Delrevisjon - Innspel Landbruk

Føresegner 3.4.1 Landbruk, natur og friluftsliv (LNF)

Landbrukskontoret er opptekne av at tiltak i tilknytning til eksisterande bustadhus, også på gardar som for tida ikkje er i sjølvstendig drift, kan utførast utan dispensasjon frå LNF-formålet. Til dømes oppføring av garasje og tilbygg/påbygg/terrasse mm. på eller i tilknytning til våningshuset på garden. Det handlar om å halde den viktigaste ressursen på garden i ein tidsmessig god stand og med det legge til rette for busetting og drift.

Mykje av det dyrka arealet i Radøy kommune ligg i 100-metersbeltet mot sjø, det same gjeld for store delar av skogreisningsfeltene i kommunen. Det er i desse områda heilt naudsynt med vegar for at arealet ikkje skal gå ut av drift. Dagens kommuneplan opnar for: «naudsynte tiltak for gardsbruk i aktiv drift med tun i strandsone og naust til primærnæringsformål i strid med byggjegrænse mot sjø, jf. PBL. § 11-11 nr 4». Det kan opnast for landbruksvegar i 100-metersbeltet gjennom bestemmelsar heimla i PBL §11-11 nr 4. Landbrukskontoret ber om at landbruksvegar knytt til dyrkamark og/eller skogreisningsmark i strandsonen vert tatt med i føresegnene, slik at ikkje alle vegane må handsamast som dispensasjonar etter Plan- og bygningsloven. Det er viktig at det ikkje må søkast dispensasjon for å kunne drive landbruk basert på ressursane på garden.

Landbrukskontoret gjer merksam på at klimaendringane fører med seg utfordringar for landbruksdriften i vår region. 3.4.1 i føresegnene opnar for at: «nye bygg primært skal plasserast i tilknytning til driftssenteret og verte ein del av den eksisterande tunskipnaden. Unntak gjeld for samdriftsfjøs». Med bakgrunn i klimavariablar og krav knytt til skjul og le vert enkle bygg knytt til beiteområde og dyrkamark ein viktig ressurs for landbruket i framtida. Me ber om at det vert vurdert å trekke inn enkle driftsbygg, plassert på bakgrunn av driftsmessige vurderingar, i føresegnene.

Føresegner 3.4.3 punkt 3:

Landbrukskontoret gjer oppmerksom på at ein del eigedommar har skilt frå jorda til nabobruk. Driftsbygning føl oftast våningshuset, utan at det er mogleg å drive landbruk med utgangspunkt i driftsbygningen. Gamle driftsbygg på frå delte tomter utan driftsgrunnlag, bør ikkje reknast som driftsbygning når ny grunneigedom skal opprettast i LNF-SB.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Radøy kommune